



RAFTO

Pressemelding 29.09.2016

RAFTOPRISEN 2016 TIL DEN IRAKISKE KVINNERETTSFORKJEMPAREN YANAR MOHAMMED

Raftoprisen 2016 vert tildelt den irakiske menneskerettsforkjemparen og leiaren av Organization of Women's Freedom in Iraq (OWFI), Yanar Mohammed (55), for hennar arbeid for kvinner og minoritetsgrupper i det krigsråka Irak.

Det skjer omfattande overgrep mot kvinner og minoritetar i mange av dagens konfliktar verda over, seksualisert vald er ofte del av ein krigsstrategi, og Irak er berre eit av mange eksempel på at kvinners rettar vert ofra for politiske og militære målsetjingar.

Mohammed arbeider på tre nivå for å sikre rettane for sårbarer grupper: ho driv opplæring om menneskerettar gjennom lokale organisasjonar over heile Irak og formidlar informasjon om rettar og demokrati gjennom media ho er redaktør for. Ho driv påverknadsarbeid for menneskerettar både nasjonalt og internasjonalt, byggjer nettverk og alliansar i kamp mot vald, menneskehandel og seksuelt slaveri. Saman med OWFI verner ho offer for overgrep, inkludert det som skjer i regi av militærgrupper.

Leiar av ein irakisk LHBT-organisasjon seier om Mohammed: «*Yanar sitt bidrag til menneskerettar i Irak har vore uvurderleg for overlevinga til hundrevis av menneske. Arbeidet hennar har brote grenser for mange kvinner, LHBT-folk, og andre marginaliserte grupper. Under hennar leiing har eg personleg sett offer for menneskerettsbrot forandre seg til myndiggjorte menneskerettsaktivistar som banar veg for at andre også kan leie.*»

Ein prekær situasjon for kvinner og minoritetar

Konflikten i Irak sidan 2003 har medført store tap av sivile liv og ei dramatisk forverring av kvinners livsvilkår. Ein serie av lovendringar har svekka kvinner sitt vern. Der lova tidlegare gav kvinner sjølvstendig rett til personleg fridom (skilsmiss, val av ektefelle, yrke etc.), slår no grunnlova fast at “ingen lov skal innførast som er i motstrid til Islam sine grunnleggjande reglar”, som mellom anna avgrensar kvinnernas rett til skilsmiss.

Vald og overgrep mot kvinner – inkludert valdtekter, bortføringar til prostitusjon og æresdrap – har auka kraftig. Landet manglar både rettsleg og reelt vern av kvinner, som professor Maha Sabria ved al-Nahrain Universitet i Bagdad oppsummerer i eit intervju til Inter Press Service: «Den verkelege styren i Irak no er gamle tradisjonar og tilbakeståande stammelovar».

Ein FN rapport oppgjev at «Valden sivile i Irak har vorte utsatt for er svimlande.» Frå 1. januar 2014 til 31. oktober 2015 er minst 18 802 sivile drepne, og 36 245 såra. I same periode vart over 3 millionar internt fordrivne, av desse var over ein million born i skulealder. Den allereie

RAFTOSTIFTELSEN

Menneskerettighetenes plass 1 / N-5007 Bergen, Norge

Tlf. +47 55 21 09 30 / Fax +47 55 21 09 59 / E-post: rafto@rafto.no / Org.nr. 877155102 / www.rafto.no

alarmerande rettssituasjonen i Irak er forverra etter framveksten av den Islamiske Staten (IS). Dette er ein krig Noreg no tek del i ved å gje militær trening av grupper i opposisjon til IS i Irak og Syria, i eit svært uoversiktleg landskap av målsetjingar, alliansar og langsiktig lojalitet. FN seier om IS sine handlingar at «desse kan i nokre tilfelle teljast som krigslovbrot, lovbroter mot menneskeslektar, og mogelegvis folkemord».

Minority Rights Group International oppgjev at kvinner ikkje berre utgjer ein betydeleg del av dei sivile som er råka, dei er med hensikt utpeika og drepne grunna sitt kjønn. FN hevdar at IS har utsett så mange som 3500 kvinner og barn for seksualisert vald, særskild i form av seksuelt slaveri. Dei fleste frå den religiøse minoriteten Jesidi, men også frå andre etniske og religiøse minoritetssamfunn. Også militser på andre sider i konflikten har brukta seksualisert vald som ei metode for å utøve kontroll og audmjuke opponentar. Kvinner har i tillegg vorte drepne for ikkje å overhalde islamske lover. Minority Rights Group rapporterer at valden frå militsgrupper var på sitt høgste i 2007. Då vart 133 kvinner drepne i Basra skulda for å ha brote gjeldande moralske koder. Dei fleste av kvinnene hadde blitt mishandla og torturert, og ved sida av lika låg det lappar som åtvara mot å «bryte islamsk lære».

Situasjonen for LHBT-samfunnet i Irak er også svært kritisk, og mange homofile blir drepne på grufulle vis berre på grunn av legninga si. Ein rapport om situasjonen for seksuelle minoritetar har fått den talande tittelen *Når det å kome ut er ein dødsdom: Forfølging av LHBT-irakarar*.

Det er i dette ekstremt utfordrande og farlege miljøet Yanar Mohammed, organisasjonen hennar og andre kvinnelege menneskerettsforsvarar opererer i.

Yanar Mohammed – aktivist og organisasjonsbyggjar

Yanar Mohammed vart fødd i 1960, vaks opp i Bagdad og utdanna seg til arkitekt før ho og familien gjekk i eksil i Canada i 1993, der ho arbeida med kvinneretter i Irak. Då ho vende tilbake til Irak etter 2003, var ho støtta av amerikanske og nederlandske feministgrupper. I 2003 etablerte Mohammed Organization of Women's Freedom in Iraq (OWFI), og i 1998 etablerte ho Committee for the Defence of Iraqi Women's Rights (DIWR).

Ein viktig del av OWFI sitt arbeid er opplysningsverksemd. Mohammed har vore sjefsredaktør for OWFI si avis Al-Mousawaat (Likskap) sia 2003, og er også ansvarleg redaktør for radiokanalen deira som formidlar opplysning om retter og demokrati. OWFI arrangerer også seminar, musikk og teater-forestillingar og foredrag med opplysningar om kvinnernas og minoritetar sine rettar. Organisasjonen har sitt hovudkontor i Bagdad og Samarra i vest-Irak.

Mohammed driv og forskingsarbeid. Miriam Puttick, forfattar av rapporten *No place to turn: Violence against women in the Iraq conflict*, meiner den generelle mangelen på kunnskap om desse forholda gjer at Mohammeds dokumentasjonsarbeid om menneskehandel har uvurderleg verdi.

Mohammed sin visjon for Irak er ein sekulær stat med ei sekulær lovgiving, men ho tek ikkje avstand frå religion. Mohammed og OWFI definerer seg som ei motstandsrørsle mot

valdskreftene som har aukande spelerom i Irak, og mot stamme- og patriarchalske strukturer og ein omsynslaus politisk elite. Mohammed kritiserer alle partar i den irakiske konflikten, både nasjonale aktørar og det internasjonale samfunn, inkludert USA.

OWFI er ein del av venstrealliansen i landet, som historisk har vore i opposisjon til Saddam Husseins Ba'athparti. Organisasjonen er kritisk til islamisk fundamentalisme og konservative krefter i mange irakiske stammesamfunn, i tillegg til den amerikanske okkupasjonen av Irak. Mohammed er medlem av eit marxistisk parti, som avviser kommunismen i Sovjetunionen, Kina og Øst-Europa. Partiet står for ein meir humanistisk kommunisme, bygd på læra til Karl Marx.

Mohammed har fått internasjonal anerkjenning for sitt arbeid, mellom anna gjennom Gruber Foundation's Women's Rights Prize i 2008 og i 2015 heldt ho innlegg på FN sitt forum for kvinner, fred og sikkerheit i New York.

Mohammed er trua på livet for si verksemrd, og ho og deler av organisasjonen lever i skjul. Aktivister i OWFI opplever at heimane vert ramponert og familiar trua. Denne situasjonen understrekar relevansen til FNs resolusjonar for å verna menneskerettsforkjemparar generelt (1998) og kvinnelege menneskerettsforkjemparar spesielt (2013).

Krisesenter og undergrunnsnettverk

Noko av Mohammed sin assistanse til dei mest sårbarane foregår i skjul, som krisesenter for kvinner som flyktar frå kjønnssbasert vald. Det siste opna i januar 2016, og er oppretta spesielt for Jesidikvinner som flyktar frå IS. Dei største krisesentera for kvinner er i Bagdad, men OWFI har eit nettverk av senter utover i landet, dei fleste i private heimar. Dei driv også krisepsykiatrisk arbeid for kvinner, og desse får utdanning om sine rettar. Dei vert i følgje det Mohammed sjølv seier i eit intervju: «endra frå å være offer til å verte forsvararar av kvinner».

Menneskehandel er eit aukande problem i Irak, og OWFI har arbeida aktivt for kvinner som vert bortført og selde til sex-industrien, og tilbyr dei tilflukt i krisesentra. For mange er det den einaste trygge staden dei kan dra. Mange kvinner som vende heim etter å ha vorte utsatt for seksualisert vald opplevde at familiene støyte dei frå seg, eller dei vert utsett for æresdrap.

Arbeidet inkluderer drift av eit undergrunnsnettverk som organiserer flukt for individ i fare frå militsar og IS, eller frå deira eigne familiar og stammer. Desse vert smugla til krisesenter for oppfølging, før dei vert omplassert til trygge område.

Nasjonalt påverknadsarbeid

NGO-drivne krisesenter er ikkje lovlege i Irak. Dei er utsett for politiraid eller angrep frå ekstremistar, som skuldar dei for å oppmuntre kvinner til å gå i mot familiene sine. Ofte må bebuarane flyttast for å ikkje vekkje merksemrd hos naboar. OWFI arbeider derfor med å få parlamentet til å lorfeste den rettslige statusen til sentera. Når IS no er i ferd med å tape territorium til irakiske styrker, ber OWFI om å få opprette krisesenter for å verne og hjelpe dei kvinnene som har vore offer for seksualisert vald og slaveri i IS-kontrollerte område.

Mohammed og OWFI arbeider aktivt for endringar av den irakiske grunnloven med tilhøyrande familieovgjeving, som blei utforma etter Saddams fall. OWFI oppmodar til å endre desse lovane, mellom anna artikkel 41, som gjev islamisk sharia fortrinn framfor den gjeldande personstatuslova, og straffelova som seier at ein valdtektsforbrytar kan unngå straff om han gifter seg med offeret og er gift med henne i minst tre år, og at valdtekts innanfor ekteskap er lovleg. Dei oppmodar også til å oppheve lovbestemmelser som tillet eller rettferdiggjer «æresbasert» vald mot kvinner.

Organisasjonen legg også press på den irakiske regjeringa for å betre vilkåra for fengsla kvinner. Det er anslått at halvparten av dei som sit i kvindefengsel i Bagdad er tiltala for prostitusjon, og mange er truleg offer for menneskehandel. Mohammed har dokumentert forholda til kvinnelige innsette, der mange vert valdtekne eller utsett for tortur. Denne situasjonen er også belyst i Human Right Watch sin rapport *No one is safe. Abuses of Women in Iraq's Criminal Justice System*. I eit intervju fortel ho at under eit besøk i eit ungdomsfengsel i Bagdad traff ho to søstrer på tolv år som fortalte at dei var fengsla på grunn av prostitusjon: «Korleis kan ei tolv år gammal jente bestemme seg for å prostituere seg? Det som verkeleg hadde skjedd, var at dei hadde vorte selde gjennom menneskehandlarnettverk», seier Mohammed.

Nettverksarbeid og LHBT-rettar

Mohammed arbeider lokalt, men mobiliserer internasjonalt og førar saman nasjonale og internasjonale organisasjonar. Eit eksempel er Strategies for Change-konferansane som samla irakiske og syriske kvinner i eit felles forsøk på å kjempe i mot vald og ekstremisme. OWFI er ein av ti partnerorganisasjonar under den internasjonale menneske-/ kvinnerettorganisasjonen MADRE.

For å styrke arbeidet lanserte OWFI i 2014 ein Anti-Trafficking koalisjon med 40 nasjonale organisasjonar, som svar på auka omfang av menneskehandel og seksuelt slaveri i Irak. Desse samarbeider mellom anna med OWFI om å frakte kvinner trygt til krisesentra.

Som den einaste menneskerettsorganisasjonen i Irak framhevar OWFI også rettane til og støttar det ekstremt utsette LHBT-samfunnet i Irak. OWFI radiostasjonen konfronterer negative haldningars som eggar til vald mot og stigmatiserer overlevande etter kjønnsbasert vald, samt seksuelle minoritetar i det irakiske samfunnet. Programma deira opplyser lyttarar om kva form for vern menneskerettane gjer desse individua, og viser nye perspektiv for å endre skadelege haldningars og praksisar mot medlemmar av desse sårbare gruppene. Dei framhevar positive eksemplar på toleranse og fredelig sameksistens.

Kvinners rettar i og etter konflikt

Mohammed har uttala at irakiske kvinner er ofre for den politiske splittinga og auka volden som kom i kjølevatnet av det som vart omtala som frigjeringa frå Saddam Hussein, og at ho ser det som OWFI si oppgåve å gjennomføre ei verkeleg frigjering. Ho påpeikar at kvinnerettar vart forverra under Saddam Hussein, men at krigen har medført eit varig høgt valdsnivå, nye maktkonstellasjonar, svekka rettsvern og ei attinnføring av stamme- og patriarchalske regler som

til saman gjer kvinner spesielt utsette. For svært mange er forholda forverra, og OWFI sin innsats for å sikre tryggleik for kvinner og minoritetar vil være viktig i lang tid framover.

Mohammed og OWFI fører ein brei kamp for kvinner og minoritetar sine rettar: frå det legale langsiktige arbeidet, via dokumentasjon av overgrep og gje internasjonal merksemd om dette, styrking og samling av organisasjonar som arbeider med rettsspørsmål til å skjule og verne offer for overgrep. Arbeidet skjer med stor fare for eigne liv.

Mohammed snakkar offentleg og uredd for menneskerettar og likskap. Ho utfordrar styresmaktene til å gjere meir for irakiske kvinner og er ikkje redd for å påpeike deira brot av grunnleggjande rettar, både lokalt og internasjonalt.

Ved å tildele Yanar Mohammed Raftoprisen 2016, ønskjer Raftostiftelsen å setje søkelys på dei alvorlege menneskerettsovergrepene som finn stad i Irak, på det manglande rettsvernet som spesielt rammar kvinner og sårbarer grupper og på tydinga av å gi vern til menneskerettsforkjemparar.

Overgrepene er utført av mange forskjellige aktørar. IS er framheva, men overgrep skjer også frå styresmakter og grupper som er støtta av det internasjonale samfunnet. Menneskerettar og kvinnernas rettar kan ikkje setjast til sides i konflikt, dei må tvert om styrkast. Det ligg her eit stort ansvar på irakiske styresmakter for å sikre grunnleggjande rettar og legge til rette for organisasjonar som yter hjelpe til dei som er ramma.

Me oppmodar Noreg og det internasjonale samfunnet til å ta opp menneskerettssporstmål og spesielt kvinnernas rettar i samtalar med irakiske styresmakter. Det må også ingå i dei vurderingane som vert gjort i val av grupper som mottek militær støtte og trening, og det må vere krav om at dei ivaretak og ikkje bryt desse rettane. Her må Noreg ta irakiske kvinneorganisasjonar med på råd. Kvinner må ikkje igjen ofrast i jakta på kortsiktige militære sigrar.

Raftostiftelsen, Bergen, onsdag 17. august 2016

Raftoprisen delast ut søndag 20. november 2016 kl. 18.00 i Grieghallen, Bergen.

KJELDER:

Nyhetsaks: IRAQ: Women miss Saddam, *Inter Press Service*, 12/03/2010,
<http://www.ipsnews.net/2010/03/iraq-women-miss-saddam/>

Rapport Freedom House (2011): *Freedom in the World: Iraq*,
<http://freedomhouse.org/report/freedom-world/2011/iraq>

Rapport UN High Commissioner for Human Rights & UN Assistance Mission for Iraq (2016): *Report on the Protection of Civilians in the Armed Conflict in Iraq: 1 May - 31 October 2015*
http://www.uniraq.org/images/humanrights/UNAMIOHCHR%20POC%20Report_FINAL_01%20May31%20October%202015_FINAL_11Jan2016.pdf

Rapport Minority Rights Group (2015): *No Place to Turn: Violence against women in the Iraq conflict*
<http://reliefweb.int/sites/reliefweb.int/files/resources/ceasefire-report-no-place-to-turn.pdf>

Nyhetsbrev: Campaign of Iraqi gay killings by smashing skulls with concrete blocks, OWFI (2013):
<http://www.owfi.info/EN/campaigns/campaign-of-iraqi-gay-killings-by-smashing-skulls-with-concrete-blocks/>

Rapport Outright Action International (2016) *When Coming Out is a Death Sentence: Persecution of LGBT Iraqis*
https://www.outrightinternational.org/sites/default/files/ComingOutDeathSentence_Iraq_0.pdf

Nettsak: Women's Right Prize: Yanar Mohammed, *Gruber Foundation* (2008):
<http://gruber.yale.edu/womens-rights/2008/yanar-mohammed>

Nyhetsbrev: Shelter for Young Yazidi Victims of ISIS Now Open, OWFI (2016)
<http://www.owfi.info/EN/activities/shelter-for-young-yazidi-victims-of-isis-now-open/>

Nettsak: In Conversation: Yanar Mohammed on trafficking in Iraq, *Global Fund for Women*
<http://www.globalfundforwomen.org/yanar-mohammed-a-daring-human-rights-defender-in-iraq/>

Nettsak: Lifting the ban on women's shelters in Iraq: promoting change in conflict, *OpenDemocracy* (2015) <http://www.opendemocracy.net/5050/lisa-davis/lifting-ban-on-women-s-shelters-in-iraq-promoting-change-in-conflict>

Rapport Iraqi NGOs (Madre): *Seeking Accountability and Demanding Change: A report on women's rights violations In Iraq, Shadow report to the UN Fifth Periodic Report of the Republic of Iraq.*
<http://www.madre.org/sites/default/files/PDFs/ICCPR%20Iraq%20Shadow%20Report%20GBV%20ENG.pdf>

OWFI Statement: The need to create safe houses for women in the cities liberated from ISIS, OWFI, 2016, <http://www.owfi.info/EN/campaigns/owfi-statement-3/>

Rapport Human Rights Watch (2014): *No One is Safe: The Abuse of Women in Iraq's Criminal Justice System* <http://www.hrw.org/report/2014/02/06/no-one-safe/abuse-women-iraqs-criminal-justice-system>

Nettintervju: From Shelter To Freedom: the life-saving work and history of the organization of women's freedom in Iraq, *Women's WorldWide Web* (2010) <http://www.w4.org/en/voices/owfi-protecting-women-from-violence-trafficking-prostitution-iraq/>

Prosjekt: The Underground Railroad For Iraqi Women, *Madre.org*
<http://www.madre.org/projects/underground-railroad-iraqi-women>

Øvrige relevante lenker:

OWFIs nettsider: <http://www.owfi.info/EN/>

Yanar Mohammed si tale til Sikkerhetsrådet i FN: <http://webtv.un.org/search/yanar-mohammed-ngo-working-group-on-women-peace-and-security-on-women-peace-and-security-security-council-7533rd-meeting/4555272468001?term=Yanar%20Mohammed>

Blogginnlegg: From where I stand: Yanar Mohammed
<http://www.unwomen.org/en/news/stories/2016/5/from-where-i-stand-yanar-mohammed>

Nettsak: An Interview with Iraqi Women's Leader Yanar Mohammed of the Organization for Women's Freedom in Iraq, *Huffington Post* http://www.huffingtonpost.com/eve-ensler/an-interview-with-iraqi-w_b_8332170.html

Rapport, Minority Rights Group (2015) *No Place to Turn: Violence against women in the Iraq conflict*
<http://reliefweb.int/report/iraq/no-place-turn-violence-against-women-iraq-conflict-enar-0>

Nettsak: What Will It Take to Stop ISIS Using Rape as a Weapon of War? Yifat Susskind, *The Guardian* (2015): https://www.theguardian.com/global-development/2015/feb/17/disarm-isis-rape-weapon-war?CMP=share_btn_tw

Nettsak: An Evening with Yanar Mohammed, *OWFI* (2013)
<http://www.owfi.info/EN/article/womens-struggle-for-freedom-in-iraq/>